



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtedato:** 05.09.2012  
**Møtetid:** 15:00 - 18:50  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Birte Skar Moum	Liv Berit Befring

### Andre som var til stades på møtet:

Rådmann Ramsli, ass.rådmann Våge. Leiar i naturutvalet Strømmen var tilstades under orienteringa om Turmaks.

### Merknader:

Før møtet var sett orienterte Tjalve Morken og Sigmund Dyrhoveden (Kraftsenteret) om Turmaks – eit pågåande forprosjekt der ein får vurdert moglegheitene for å få etablert ein plastgjenvinningsfabrikk i Samnanger. Kommunen har gjennom kraftsenteret engasjert seg i prosjektet. Kommunen vil arbeida vidare med tomtespørsmål.

### Orienteringar/meldingar:

Rådmann orienterte om at Samnanger kommune v. leiar av teknisk eining er i ferd med å avslutta samarbeidet med **Os Skog as**/Rolvsvåg industrihavn. Grunngevinga for det er misleghald av avtalen. I tillegg er det sendt melding til Os Skog a.s. om at kommunen vil kjøpa attende tomt i Rolvsvåg industriområdet. I kjøpsavtalen er det ein klausul om at det kan kommunen gjera dersom det ikkje er starta bygging innan 3 år. Denne fristen gjekk ut 19.8.2012. Adv. Heldal hjelper kommunen i dette arbeidet.

Ass.rådmann orienterte om forsøk på avtale med A.Hadeland på **Ytre Tysse**. Formannskapet viste til vedtak om mandat til administrasjonen om å setta i gang ekspropriasjon dersom det ikkje kom til minneleg avtale.

Mottak av overskotsmassar frå Fv 48 – utvikling av næringsområdet på Gaulpholm – M.a. pga av uvisse om det er overskotsmassar og kvaliteten på desse vert det ikkje igangsett reguleringsplanarbeid for

	<p>næringsområdet på Gaupholm. Det vert heller ikkje gått vidare med andre alternative plasseringar, men kommunen vil arbeida tett mot vegvesenet for å få best mogleg samfunnsmessig verdi av evt. massar plassert i godkjend deponi langs Fv 48. Tilkomst og parkering til badeplass t.d.</p> <p><b>Industriområdet i Tenane</b> – Utvalet ønskjer å få ei sak om oppstart av reguleringsplan i kommunestyret. Finansieringsplan skal følgje med.</p> <p><u>Ordførar</u> orienterte om at SKL og Fusa kraftlag har gitt melding om at dei kan vera med å finansiera ein <b>småkraftplan</b> for Samnanger. Ordførar var i tvil om korleis dette bør handterast og ba om formannskapet si meining. Formannskapet ønskjer å få vurdert spørsmålet ut frå etiske retningslinjer. Administrasjonen vert bedt om å få dette vurdert.</p> <p>Ordførar orienterte om at kommunen har forkjøpsrett for ein del av eigedomane på Haga. Det vil kome ei sak til kommunestyret på kva eigedomar kommunen skal seie frå seg forkjøpsretten.</p> <p>Formannskapet fekk ei kort orientering om oppstart av oppussing av <b>kommunehuset</b>.</p>
<p><b>Utvalet sitt kvarter:</b></p>	<p><u>Brigt Olav Gåsdal (Ap)</u> stilte spørsmål om legevaktsamarbeid mot Bergen. Ordførar orienterte om at det kjem ei orientering om dette til kommunestyret.</p> <p><u>Gunnar Bruvik (Frp)</u> hadde fått den informasjon han trong under meldinga om Ytre Tysse og fasadeoppussing av Kommunehuset. Når det gjeld utbygging av sjukeheimen, varsla han om at Frp kjem ein interpellasjon til kommunestyret. Rådmann orienterte om at prosjektgruppa skal rapportere til kommunestyret. Innspel frå Frp kan derfor kome i samband med rapporten (som vert gitt i eige sak) i staden for som interpellasjon.</p> <p><u>Ragnfrid Olsnes (Bl)</u> stilte spørsmål om sjukefråværet på Samnangerheimen i sommar. Rådmann orienterte om at det for store delar av sommaren ikkje var stort sjukefråvær, men at ein opplevde ein vanskeleg situasjon i delar av august då tilsette som skulle vore kome attende frå ferie gjekk ut i sjukemelding. Det kunne og med føremon vore teke inn fleire sommarvikarar.</p> <p><u>Øyvind Røen (Sp)</u> stilte spørsmål om handsaming av konsesjonssak om utbygging i Aldalen. Ordførar orienterte om at kommunen har fått utsett fristen til å</p>

	gje uttale. Saka kjem opp i kommunestyret i november.
--	---

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 13.09.2012

Desse sakene vart handsama:

<b>Saker til handsaming på møtet</b>			
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
050/12	12/528	Faste saker	
051/12	10/514	Godkjenning av finansreglement for Samnanger kommune	
052/12	10/376	Sal av utmark - Erikajorda - gnr 18, bnr 5 Reistad	
053/12	12/497	Høgfartsbane i Norge 2012 - 2015 - søknad frå Norsk Bane om tilskot til utgreiing	

**SAKNR. 050/12**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**05.09.2012 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke. Det vert vist til framsida på protokollen for spørsmål under Utvalet sitt kvarter.

**FORM-050/12 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 051/12**

**GODKJENNING AV FINANSREGLEMENT FOR SAMNANGER KOMMUNE**

**05.09.2012 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Samnanger kommune godkjenner finansreglementet slik det ligg føre, med korrigering av fristar for rapportering. Rapportering skal skje innan mai og september.

Samrøystes vedteke

**FORM-051/12 VEDTAK:**

Samnanger kommune godkjenner finansreglementet slik det ligg føre, med korrigering av fristar for rapportering. Rapportering skal skje innan mai og september.

**SAKNR. 052/12**

**SAL AV UTMARK - ERIKAJORDA - GNR 18, BNR 5 REISTAD**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Under føresetnad av at det vert gitt delingsløyve vert det inngått avtale mellom Samnanger kommune og Inger Renaud Reistad om deling av gnr 18 bnr 5 Reistad som inneber at Renaud Reistad vert eigar av utmarka med påståande sæter og kommunen vert eigar av resterande del. Avhaldne takstar vert lagt til grunn for oppgjeret.

**05.09.2012 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke

**FORM-052/12 VEDTAK:**

Under føresetnad av at det vert gitt delingsløyve vert det inngått avtale mellom Samnanger kommune og Inger Renaud Reistad om deling av gnr 18 bnr 5 Reistad som inneber at Renaud Reistad vert eigar av utmarka med påståande sæter og kommunen vert eigar av resterande del. Avhaldne takstar vert lagt til grunn for oppgjeret.

**SAKNR. 053/12**

**HØGFARTSBANE I NORGE 2012 - 2015 - SØKNAD FRÅ NORSK BANE OM TILSKOT TIL UTGREIING**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune ser positivt på arbeidet til Norsk Bane for å modernisera togtrafikken i sør-Noreg, og kommunen vil samarbeida med Norsk Bane for å finna fram til ein best mogleg trasè gjennom kommunen.

Samnanger kommune har mange eigne planoppgåver, og med avgrensa midlar til disposisjon må dei prioriterast med ressursar. Søknaden frå Norsk Bane vert derfor ikkje imøtekomen.

**05.09.2012 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

**Brigt Olav Gåsdal Ap** sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune ser positivt på arbeidet til Norsk Bane for å modernisera togtrafikken i Sør-Noreg, og kommunen vil samarbeida med Norsk Bane for å finna fram til ein best mogleg trasé gjennom Samnanger. Med tilvising til søknad om økonomisk stønad frå Norsk bane, løyver Samnanger kommune kr 25.000. Summen vert å dekkja frå næringsfondet.”

**Øyvind Røen Sp** sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune ser svært positivt på arbeidet til Norsk Bane for å gje Sør-Noreg eit framtidretta togtilbod, og kommunen vil samarbeida med Norsk Bane for å finna fram til ein best mogeleg trasé gjennom Samnanger. Samnanger kommune vil difor gje eit tilskot på 50.000 kr til utgreiingsarbeidet som Norsk Bane gjer. Summen vert utbetalt frå næringsfondet.

Samnanger kommune vil samtidig understreka at dersom det vert bygt ei jernbane gjennom Samnanger, er det avgjerande viktig for kommunen og ein større region i Midthordland at Samnanger får ein eigen stasjon med stopp fleire gonger for dagen.”

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg, som fekk 1 røyst. Øyvind Røen sitt framlegg fekk 2 røyster. Framlegget frå Brigte Olav Gåsdal fekk 4 røyster.

**FORM-053/12 VEDTAK:**

Samnanger kommune ser positivt på arbeidet til Norsk Bane for å modernisera togtrafikken i Sør-Noreg, og kommunen vil samarbeida med Norsk Bane for å finna fram til ein best mogleg trasé gjennom Samnanger. Med tilvising til søknad om økonomisk stønad frå Norsk bane, løyver Samnanger kommune kr 25.000. Summen vert å dekkja frå næringsfondet.

